

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/2212  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 28.11.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
017/19	Alver formannskap	05.12.2019
	Alver kommunestyre	

### Betalingsattsar og leigeprisar bygg og anlegg

#### Vedlegg i saken:

28.11.2019	Prisar for utleige Bygg og anlegg Alver 2020 (L)(649745)	1329451
28.11.2019	Utleigereglement Alver 2020 (L)(649744)	1329450

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Betalingsattsar og leigeprisar for bygg og anlegg slik det ligg føre.

#### Alver formannskap 05.12.2019:

#### Behandling:

Feil i alder, saksutgreiing. Alle skal være 19 år.  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FO- 017/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Betalingsattsar og leigeprisar for bygg og anlegg slik det ligg føre.

#### Saksopplysninger:

Saka skal til innstilling Formannskapet  
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### Bakgrunn

Saka gjeld den årlege justeringa av gebyr- og betalingsattsar. Dette vert første felles gebyr- og betalingsattsar for Alver kommune. Gebyr og betalingsattsane for bygg og anlegg skal gje heile kommunen like vilkår og retningsliner ved lån og leige av kommunale lokale og anlegg.

## Vurdering

Ei felles arbeidsgruppe sett ned med representantar frå oppvekst, eigedomsforvaltning, idrett og kultur frå Lindås, Meland og Radøy har delteke i utarbeiding av felles utlånsreglement og tilhøyrande prishefte. Arbeidet skjer i forlenginga av arbeidet med utlånsportalen Aktiv kommune som skal takast i bruk i Alver. Nettportalen skal gjere det enklare for lag, organisasjonar og enkeltpersonar å ta i bruk kommunale bygg og anlegg. For at portalen skal fungere godt er det viktig at prisar og utlånsreglement er likt for heile Alver. Dei tre kommunane har hatt ulik praksis og ulike prisar knytt til utlån. Gjennom arbeidet i gruppa har ein sett at prinsippa bak utlånsreglement hovudsakleg har vore samsvarande medan prisane har vore ulike. Mykje har også bakgrunn i eigedomsmasse og kva tilbod ein har hatt tidlegare. Lindås har relativt mange eigde bygg samanlikna med Radøy og Meland. Dette har også resultert i ei meir omfattande prisliste for Lindås. Arbeidet i gruppa har søkt å harmonisere prisar og reglement slik at det klart skal framgå for leigetakar kva vilkår som gjeld for utlån/utleige og kva prisen er. Som det framgår er prisane delt inn etter ulike formålsbygg med tilhøyrande reglement.

Alver kommune får eit rikt utval lokale og formålsbygg til utlån. Det har vore utfordrande å finne sams reglar for alle typar bygg. Det gjeld særskilt skulane og reine kulturbygg som me har få av. Difor seier utlånsreglementet at dei enkelte bygga kan etablere lokale, tilpassa retningslinjer. Vilkåret er at lokale reglar ikkje bryt med overordna prinsipp i reglementet. Prisane gjeld uavhengig av dette.

Aktivitatar i frivillig regi for born og unge under 19 år der lag/organisasjon er heimehøyrande i Alver betalar ikkje leige for kommunale bygg. For unntak sjå utleigereglement vedlagt.